

Årsmelding

for

fotballgruppa

Lærdal I. L.

2014



Organisasjon:

Styret for fotballgruppa har i sesongen 2013 vore samansett slik:

Jan Tore Stølen

Fungerande Leiar

Robert L Elgåen

Styremedlem

Dag Arne Helland

Styremedlem

Robert Haugen

Styremedlem

Åge Natvik

Styremedlem

Robert Haugen

Dommarkontakt

Jan Tore Stølen

Anleggskontakt

Kjell Inge Sanden

FairPlay ansvarleg

Styret har hatt 7 møter . I tillegg har det vore 4 møter i gruppa Lærdalsturneringen, i tillegg til møter i trenarforum og foreldregruppene til dei einskilde laga. I desse foruma har det også vore fotballfaglege diskusjonar.

Kretsen har hatt barnefotball samling og sonemøte i sogn indre (Aurland,Lærdal ,Tangen og Jotun.

Fotballgruppa har denne sesongen stilt med følgjande lag (med lagleiarar);

Lag	Trenar/Lagleiar
Miniputt - 8 lag	Robert L. Elgåen
Jenter 13/14	Dag Arne Helland/Ole Petter Holmen
Gutar 11	Hans Jørgen Bjørkum/Daniel Molde
Gutar 13/14	Geir Aarethun/ Robert L Elgåen /Rune Bolstad/Elmar Gjesdal
Damer 7ar, 4 divisjon	Finn Hauge/Maritha T Skjerdal
Herrer 5. div.	Øystein L Rinde/Geir A. Kirkevoll /Robert Haugen. Ove Kristian Lysne



Aktiviteten i gruppa:

Sesongen starta som vanleg at mange av medlemene i fotballfamilien var sterkt engasjerte i Veterancupen siste helga i januar. Takk til ALLE som stilte opp her. Her hadde me ansvaret for kiosken. Inntekta denne helga var litt over 20000,- noko som er meget bra. Godt jobba.

Coerver Academy- Fotballskule

Her var det 32 påmeldte håpefulle og ivrige gutter og jenter. Gode tilbakemeldingar frå ungar, foreldre og Coerver. Ingen inntekter på dette da det går direkte til Coerver. Utgifter på overnatting til instruktørar. Men...., eit GODT tilbod til ungane. (deltakarar frå Førde, Leikanger, Sogndal, Vik, Kaupanger, Årdal og Lærdal.

Seniorlaget har også i år spela i 5. divisjon. Øystein L Rinde og Ove Kristian Lysne har vore hovudtrenarar for laget, med god hjelp frå lagleiar Geir Anders Kirkevoll. Robert Haugen har hatt ansvaret for keeperane. Sjå årsmelding for laget.

Damer 7ar, 4 Div: Trenar Finn Hauge og Maritha T Skjerdal.

Sjå årsmelding!

Jenter 13/14: Trenar: Dag Arne Helland. Lagleiar: Ole Petter Holmen. Flott gruppe med ivrige jenter som virkeleg veit kva dei vil. Svært stor treningsiver, GODE miljø. Har gjort det godt i årets sesong.

Sjå Årsmelding

Gutar 11: Trenar Hans Jørgen Bjørkum og Lagleiar Daniel Molde.

Sjå årsmelding!!

Gutar 13/14: Trenar Geir Aarethun, Rune Bolstad , Lagleiar Robert L Elgåen og Elmar Gjesdal.

Flott og samansveisa gjeng som og veit kva fotball er. Viser til GODE resultat både i serie og turneringar. Sjå Årsmelding

Miniputt: Lagleiar Robert Lysne Elgåen. Trenarar: Harald B Mundal, Per Åke og Iris Evjestad, Per Einvald Aspevik, Hans Jørgen Bjørkum, Frode Tjønn, Kjetil Åmodt, Kolbjørn Rognes, Halvard Hagheim, Monika Lysne, Trine Grøttebø, Marius Musat, Daniel Molde og Kjell Olav Bjørkum.

Mange gode stunder med mykje god fotball og underhaldning

Sjå Årsmelding

Aktiviteten ellers i fotballgruppa:

-trenarutdanning pågår, 6 stk som manglar modul 4 .

Dette vill bli fullført i 2015.

Dugnadar:

-Lærdalsmarknaden, stor takk til ALLE som bidrog denne helga. God inntekt for gruppa.

Ansvarlege for vidare salg og grillprosjekt er: ELMAR GJESDAL og RUNE BOLSTAD

Første helga i september gjennomførte me Lærdalsturneringa. 32 lag påmeldt, mange på innkvartering på skulen. Stort sett bra gjennomført, men det er fortsatt ein del småsjukdomar me må ta tak i. Overskot vart rundt 116000,- KJEMPEINNSATS som vart lagt ned av ALLE denne helg og i forkant.

Blomsterlevering for GARTNERIET:

Som åra før har fotballgruppa hatt utbringning av blomster for gartneriet. Dette er øyremerka aldersbestemt!!

Inntekt 14500,- BRA JOBBA ;)

Sogn og Fjordane fotballkrets har dei siste åra hatt stor fokus på Fair Play, og dette arbeidet må halde fram med stor styrke."Enkle" verdiar som ansvar, disiplin, respekt og toleranse må vere levande og sentrale i dette arbeidet. FAIR PLAY skal me fortsetta og setta i høgsetet. Dette er ALLES ANSVAR!! FairPlay ansvarleg i Fotballgruppa Lærdal er: KJELL INGE SANDEN

Anlegg:

Bane og treningstilhøva har i 2014 vore veldig gode. Små periodar med frost og snø, men Kommunen v/Teknisk har gjort ein svært GOD jobb med dette. Har vore uheldig med mykje STERK vind, som har resultert i att mål har reist i vinden. Dette har me ikkje råd til. Der har ME ALLE ein jobb å gjere, det handlar om å ta vare på ting!! Det ser det ut til at me må nytte midlar på fleire nye mål, og nett. I det heile må me få området til å visualisere seg betre. Kva måtar dette kan gjerast på må me diskutere og få framdrift på den nærmaste tida.

Økonomi:

Samla har fotballgruppa i denne sesongen eit overskot på om lag kr.

Overskotet vårt får me gjennom Lærdalsturneringen og grillinga under marknaden. Me er heilt avhengige av at foreldra og borna stiller på dugnaden desse to helgane. Elles har dei fleste laga vore flinke til å ha kiosken i drift under kampar og arrangement, noko som gir eit godt pluss i kassa.

Alle som tek del i aktivitetane til Lærdal Idrettslag skal vere medlemmar gjennom å betale medlemspengane, då dette er viktig for forsikringane i idretten. Dessutan må kvar einskild som tek del i organisert fotball gjennom fotballgruppa betale ei treningsavgift. Forsikringa til senior vert betalt gjennom lisensen. Alle spelarar over 12 år må registrerast som aktive i FIKS

For denne sesongen var treningsavgifta slik;

Senior herre: kr. 900,-

Senior damer: kr. 700,-

Gutar/jenter: kr. 600,-

Små-gutt/jenter kr. 500,-

Lillegutt-/jenter kr. 400,-

Miniputtar kr. 200,-

Det kan dispenserast frå dette ved grunngjeven søknad til styret.

Planar for komande sesong:

Ei viktig sak den komande sesongen er korleis me kan møte problema med synkande barnetal, og såleis større problem med å stille eigne lag i aldersbestemt klassar. Å utvikle samarbeidet med Aurland IL frå eldste miniputt og oppover.

Påmelde lag for sesongen 2015 er slik:

Lag	Trenar-(ar)	Lagleiar
Miniputt (12lag)		Robert L. Elgåen
J11	Kjell Olav Bjørkum	Jan Tore Stølen
G12	Hans Jørgen Bjørkum	Marius Musat
Jenter 13/14	Dag Arne Helland	Ole Petter Holmen
Gutar 13/14	Geir Aarethun	Robert L Elgåen
Herrer 5. div.	Åsmund L Hunderi ,Ove Kristian Lysne, Hallgeir Bøe	Geir Anders Kirkevoll

Sesongen 2014 vert gjennomført med mange av dei same aktivitetane som tidlegare år. I år ynskjer me fokus på

- å gjennomføre og utvikle Lærdalsturneringen for å kunne oppretthalde eit godt tilbod til aktiviteten framover
- styrke arbeidet med Fair Play i klubben
- utvikle og skape ei betre dugnadsånd i laget
- samarbeid med kretsen for å utdanne nok trenrarar og leiarar - å utvikle området rundt fotballanlegget vårt for å skape betre råme rundt kampar og treningar
- få fleire foreldre med og såleis skape eit positivt idrettsmiljø

Til slutt;

Fotballgruppa har lagt bak seg nok ein sesong med bra aktivitet på dei fleste område. Styret vil takke alle som har gitt sitt bidrag til dette. Utan frivillege, ingen fotball! De gjer alle saman eit framifrå arbeid.

Samstundes vil styret be om at me alle også komande sesong vil gjere vårt felles beste for fotballen i laget.

Årsmelding miniputt 2014

Miniputtane hadde i 2014 treningar ein gong i veka mellom påskeferien og hausteferien, med sommarferie som fylgte skuleferien.

Alle årsklassane har i 2014 hatt to eller tre trenarar gjennom samarbeid på tvers. Oppmannen registrera at vi er ikkje fleire trenarar enn vi må vera. Det bør vera ein trenar pr.5-6 spelar. Dette er viktig på miniputtnivå, då det er mange ungar på trening samtidig. Fleire trenarar gir større mulegheit for småspel, meir ballkontakt pr. spelar og betre gjennomføring av øvingar.

2008 jenter	Magne Netland	1 lag
2008 gutter	Vegar Haugen Dalland	1 lag
2007 gutter	Per Åke, Harald og Frode	2 lag
2006 gutter	Per Einvald og Hans Jørgen	1 lag
2005 gutter	Kjetil og Kolbjørn	2 lag
2005 jenter	Halvard, Monika og Trine	2 lag
2004 gutter	Marius	1 lag
2004 jenter	Kjell Olav	1 lag

Vi har delteke på dei faste turneringane i Øvre Årdal, Aurland og Årdalstangen, samt vår eigen turnering som i 2014 var den 21. september. Veret var ikkje heilt med oss, men det verste regnet byrja ikkje før på slutten av turneringa.

Vi har stort sett stilt med 11 lag på turneringane. 7 av desse var gutelag, 4 var jentelag. Det har vore om lag 71 aktive miniputt spelarar i 2014. Dette er ein reduksjon på 10 ungar frå året før.

Harald, Per Åke og Frode har hatt felles treningar med 2007 modellane. I tillegg har det vore frå fall i jentegruppa. Dei som er att spelar no saman med gutane.

Det har vore med tre jenter som er fødd i 2006. Desse har trent og spelt i saman med 2005 jentene.

Det har vore ein liten reduksjon i antal ungar frå året før, men aktiviteten har vore god. Dette er gledeleg. Framleis ynskjer oppmannen fleire engasjerte foreldre til både lag leiing/trening og dugnadsinnsats rundt turneringa.

Med dette vil underteikna takka for seg og samstundes takka dei som har stilt opp som trenarar, samt alle foreldre som har stilt opp på dugnad.

Robert Lysne Elgåen
25.01.2015

Sesongen 2014 jenter-13/14.



På lagbildet oppi venstre: Hanne Helland, Mathilde Grøttebø, Anna Hjellum, Trine Trulssen, Anna Stundal Skjerping, Emilie Helland.

Nede fra venstre: Kamilla Holmen, Marthe Njåstad Nordanger, Janniche Bjørkum Stølen, Ragnhild Fossen Bolstad og Hanna Simonsen Ljøsne. (bildet er tatt etter siste seriekamp 24. oktober der me slo Bjørn 7-4!)

Sesongen 2014 starta me treningane 9. januar med innetreiningar i gymsalen på Ljøsne. Helga 31. jan. - 02. feb. deltok me på KM innandørs kvalifisering i Øvre Årdal. Der kom me på 3. plass i pulja vår og kvalifiserte oss til sluttspellet. Laurdag 1. mars spelte me sluttspel i Sandane. Me vann 2 gruppekamper og var 5 minutt unna ein semifinale, men tapte i sluttminuttane. Ein kjempeprestasjon av jentene!

Treningane ute på kunstgraset starta i begynnelsen av april. Fyrste seriekamp spelte me borte mot Syril 09. mai. Me fortsatte med kampar kvar torsdag (enkelte fredagar) og trening på tirsdagar.

I serien spela me i 7-ar serie mot Vik, Syril, Sogndal, Bjørn, Aurland, Jotun og Årdalstangen. I alt har me spelt 14 kampar der den siste var 24. oktober. Jentene hevda seg bra og vann 7 og tapte 7 kampar, noko som me er godt fornøgde med. Me kom på 5. plass med 21 poeng likt med Vik, men dei slo oss på målforskjellen. Når laget vårt besto av 4 spelarar på 11 og 12 år og resten 13 åringer og kun ei på 14 år må me være stolte av prestasjonen!

I tillegg til serien var me med på Briskebyturneringen på Hamar 7-8. juni. Der budde me på Tonheim Folkehøgskule i lag med smågutelaget. Kjell Inge Sanden og Knut Ljøsne var med som leiarar og gjorde ein kjempeinnsats. Heile turneringa var ein kjempeopplevelse for oss alle. Jentene storspelte og slo lag som Kongsvinger og Skjetten. Me kom heilt til kvartfinalen som enda 1-1 etter full tid og ekstraomgangar. Kampen vart avgjordt på myntkast som me desverre tapte. Ein ekstra takk til smågutelaget og foreldra som var igjen og heia på oss! Lærdalsturneringa som i år var 6-7. september vann me alle kampane. Da det ikkje var nok lag påmeldt i vår klasse spelte me i 12 årsklassen. Vart dessverre ikkje finalespel, men god trening alikevel. Kjempeinnsats under heile turneringa av spelarane og foreldra!

Treningane holdt me gåande heilt til 20. november! Da tok me ein velfortjent ferie!

Vil og nevna at me i år har hatt Mathilde og Ragnhild på sone/akademilag Sogn der dei har delteke på samlingar og kampar. Rett før jul vart dei og tekne ut til sone/akademilaget for sesongen 2015.

Me vil til slutt takka alle jentene og foreldra for ein fantastisk innsats på kampar, treningar og dugnadar gjennom heile sesongen.

Mvh. Dag Arne og Ole Petter

Årsmelding G13/14 2014

Geir Aarethun og Rune Bolstad har vore trenar, medan underteikna har vore oppmann saman med Elmar Gjesdal.

Spelar gruppa har bestått av følgjande spelarar:

- 2000: Tor Sivert. Han byrja litt ut i sesongen.
- 2001: Per, Egil, Anthony, Erik, Ingar, Endre, Ole Kristian og Jørgen. Jørgen spelte halve sesongen, for så å melda overgang til Jotun.
- 2002: Benjamin, Jonas, Martin, Jon Martin, Per Inge og Anders. Anders var med halve sesongen.

På det meste utgjorde spelar gruppa 15 spelarar.

Ved påmeldinga til sesongen 2014 var det stor usikkerheit med tanke på kor mange vi vart. Vi såg tidleg at vi ikkje klarte å stilla lag i G12(2002- modellane). Fotball gruppa hadde møte med Aurland med tanke på samarbeid. I sesongen 2013 samarbeida Aurland og Lærdal i G12 serien. Dette samarbeidet vart ikkje vidareført, da det hadde medført at G12(2002-modellane) ikkje hadde fått eit tilbod.

Det vart bestemt at 2001 og 2002 skulle stille lag i G13/14 serien. Grunna usikkerheit på kor mange som vart med, vart det påmeldt eit 7ar lag. Hadde vi vist det vi veit i dag, skulle vi ha meldt på to lag. Det er kjempe flott at det kjem nye og gamle til, men slik det vart no ble det for mange for eit lag. Alle må få vera med å spela, med det resultat at laget ikkje vert samspalte pga. mykje byting under kampane.

Vi byrja treningane i hallen i januar. Vi trena onsdagar frå 18-20 saman med 2003 modellane. Treningane ute starta opp etter påske.

Vi kom i avdeling 1, saman med: Jotun, Aurland, Kaupanger, Sogndal 1, Sogndal 2, Syril og Vik. Fyrste runde var 29 april. Siste runde var 30 september. Lærdal vart nr. 6 av 8 på tabellen. Vi enda med 4 sigra og 10 tap. Dette var vel litt som forventa når halve laget var eit år yngre enn alders klassen til sa. Samstundes var det ein del lag som hadde spelarar på vår alder. Fleire kampar var jamne og gode, sjølv om det enda med tap til slutt. Alt i alt var det mykje god innsats og spel, men vi ser også det at vi er «for snille». Vi må læra oss å bruka kroppen. Fotball er ein fysisk idrett. No er ikkje det alltid så lett når du møter 14 åringer som er eit hovud høgre enn ein sjølv. Dette vil jamna seg, og sesongen sett under eitt har vore lærerik og ei god erfaring å ta med vidare for ungane.

Utanom seriespelet har laget vore på Briskebyturneringa på Hamar. I tillegg var delar av gruppa med i kretsmeistarskapet(KM) i Sogn og Fjordane. Grunnen til at ikkje alle var med på KM var usikkerheita på kven som var med og ikkje. Den innleiande runden vart spela i Øvre Årdal, og sluttspellet var spela i Sandane. Lærdal kom heilt til kvartfinalen, men vart der slegne ut av Florø.

Til Briskebyturneringa i juni var alle med. I tillegg var også J13/14 med. Der spela vi fire kampar, men klarte ikkje å komma oss vidare til sluttspellet. Turneringa vart avslutta med konsert laurdags kvelden. Det var eit kjekt og sosialt tiltak som G13/14 og J13/14 kjem vidareføra i 2015 ☺

Robert Lysne Elgåen
-oppmann G13/14-
25.01.2015

Årsmelding for Lærdal damelag 2014:

Etter nokre år uten damefotball fekk me samla inn nok interesserte til å starte opp att eit damelag. Me starta å trene allereie i januar, og samla då inn både jenter og damer. Fyrste kamp var mot nabobygda, Jotun-ÅTIL. Denne kampen fungerte laget som stilte godt og me vann vår fyrste kamp. Etter dette kom det fleire spelarar i stallen. Utover sesongen sleit me med ustabilt oppmøte og kampane enda etter som så, det var ikkje før ut på hausten igjen at me endeleg fekk kjenne på smaken av å vinne, dette også på heimebane men mot Balestrand! Denne seieren var avgjerande for plasseringa til laget på tabellen. Lærdal enda på tredjeplass, og det er me godt nøgd med!

Det har vore eit spennande år for damefotballen i Lærdal. Etter årets sesong sit me att med erfaringar me tek med oss vidare. Trass i ein turbulent sesong er det likevel kjekt å sjå at det fortsatt er nok interesse til å drive damefotball i Lærdal, og me vil fortsetje med å bygge den opp det komande åra også!

Mvh Maritha Skjerdal

Årsmeldig 5. Divisjon Herrer 2014

Organisasjon:

Hovudtrenar: Øystein Lindesteg Rinde

Ass. trenar : Ove Kristian Lysne

Keepertrenar: Robert Haugen

Lagledar: Geir Anders Kirkevoll

Lærdal IL sitt 5. divisjons lag hadde grunna ein mild vinter svært gode treningstilhøve ute stort sett heile vinteren. Laget trente 2-3 gonger i veka fram mot seriestart og spelte 3 treningskamper. I 2014 som i 2013 blei sesongen start med ein tynn stall men likevel litt fleire spelalar tilgjengeleg i 2014 enn det var i 2013. Det blei også eit trenarskifte 2 dagar før første seriekamp mot Eikefjord IL. Dette medførte at Øystein Lindesteg Rinde tok over som hovudtrenar for Per Einvald Aspevik. Per Einvald Aspevik takka dermed for seg etter 2,5 år som hovudtrenar for Lærdal IL sitt seniorlag. Resterande verv blei som før.

Sesongen blei litt amputert då Kaupanger IL sitt andrelag valgte å trekke laget frå serien og SFFK valgte å ikkje erstatte dei. Dette medførte at serien blei på 16 kamper. Spelemessigt var sesongen 2014 ei berg og dalbane der utskifting av fleire spelalar frå kamp til kamp må ta mykje av skylda. Lærdal IL brukte totalt i serienkampane 34 spelalar på 16 kamper. Tek ein med treningskampane blir antallet 36 spelalar. Fleire jamne kamper der det rakna på slutten gav ein liten maraton i uavgjortresultat. Siffra 5-7-4 (V-U-T) med måforskjell 47-42 (+5) gav til slutt 22 poeng og ein 6. plass. Dette er nok litt under der både trenarar og spelalarar hadde håpa å ende sesongen.

Årets beste kamp er heime mot Syril IL der Lærdal IL vann 8-2 og årets dårligaste er borte mot Askvoll/Holmedal der det blei tap 7-3. Årets spelar blei Ole Johnny C. Voll , årets mål gjekk til Øystein Lindesteg Rinde for utligninga mot Eikefjord IL , årets unge spelar blei Christopher Skjær Brugrand og årets toppscorar blei Ole Johnny C. Voll med 13 mål på 15 kamper.

Laget brukte som tidlegare sesongar Solheim Taxi til transport til bortekampane, Solheim Taxi blei i 2014 nytta i 7 av 8 bortekamper. Det blei også kjøpt inn 10 stk. umbro ballar til bruk i kamp. 2014 var også fyrste sesong Firda Live hadde mulighet for oppdatering frå arena med multifunksjonsmobil d.v.s. portal for innlogging på nett og ikkje via sms. Samtlege kamper blei live oppdatert i 2014. Sluttresultat skulle også sendast inn via sms innan 30 minutt etter kampslutt. Dette har vore praktisert på aldersbestemt men er fyrste gong på seniornivå for Lærdal IL sin del.

Til slutt takk til alle sponsorar og alle som har bidrege både på og utanfor bana i 2014.

Øystein L. Rinde

Ove K. Lysne

Robert Haugen

Geir Anders Kirkevoll